

Ordensreglar Samnanger barneskule

Du skal ta vare på ting!

Du skal ta vare på andre!

Du skal ta vare på deg sjølv!

NB! I Samnanger kommune er det vedtatt ei forskrift om ordensreglement. Ordensreglane ved Samnanger barneskule er laga ut frå dette reglementet.

§5 Åtferd

Elevane skal ha god åtferd. Det er god åtferd å:

- vera hyggeleg og høfleg mot kvarandre.
- følgja med i timane og gjera som dei vaksne seier.
- ha eit godt språk utan banning og ukvemsord.
- vera snill og grei med andre.
- visa respekt for skulen og andre sine eigendelar.
- ikkje ta med farlege gjenstandar på skulen.
- gjera ditt beste.
- vera på skulen sitt område i skuletida.
- delta i undervisninga.
- gjera opp for seg, td. hjelpa til med å reparera skade eller erstatta ting ein har øydelagt.
- følgja klassereglane.
- La mobilen liggja i sekken avslått – om denne regelen vert broten kan mobilen bli inndratt gjennom skuledagen. Eleven får telefonen tilbake ved skuleslutt.

§ 4 Orden

Elevane skal ha god orden. Det er god orden å:

- møte presis på skulen og til undervisninga.
- ha skulesakene i orden.
- ha med nødvendige læremiddel og utstyr.
- gjera arbeid ein blir pålagt så godt ein kan og til rett tid.